



ULSTEIN KOMMUNE



# Ulstein kommune

**ØKONOMIREGLEMENT**

**GODKJENT I KOMMUNESTYRET 25.03.2021**  
**SAK PS 24/21**

## Innhold

<b>Kapittel 1</b>	<b>Reglementet sitt virkeområde</b> .....	4
§ 1-1	Formålet med reglementet .....	4
§ 1-2	Generelle rammer for kommunen si økonomiforvaltning .....	4
§ 1-3	Kommunestyret sitt overordna ansvar for økonomiforvaltning.....	4
§ 1-4	Overordna prinsipp.....	4
<b>Kapittel 2</b>	<b>Budsjett og budsjettmynde</b> .....	5
§ 2-1	Økonomiplan – rammer, mål og strategiar.....	5
§ 2-2	Kommunestyret sitt budsjettmynde .....	5
§ 2-3	Formannskapet og hovudutvala sitt budsjettmynde .....	6
§ 2-4	Kommunedirektøren sitt budsjettmynde.....	7
§ 2-5	Endringar i vedtatt driftsbudsjett – budsjettjusteringar.....	7
§ 2-6	Endringar i vedteke investeringsbudsjett og pågåande prosjekt.....	7
§ 2-7	Disponeringsmynde og tilvisingsmynde .....	8
<b>Kapittel 3</b>	<b>Økonomirapportering</b> .....	8
§ 3-1	Månedrapportering og tertialrapportering .....	8
§ 3-2	Fagsystem for rekneskap, budsjett og økonomistyring .....	9
§ 3-3	Nasjonal rapportering – KOSTRA .....	9
<b>Kapittel 4</b>	<b>Årsrekneskap og årsmelding</b> .....	9
§ 4-1	Årsrekneskap og bokføring.....	9
§ 4-2	Årsmelding .....	10
<b>Kapittel 5</b>	<b>Avsetjing og bruk av fond</b> .....	11
§ 5-1	Disposisjonsfond.....	11
§ 5-2	Bundne driftsfond / Øyremerka midlar .....	11
§ 5-3	Ubundne investeringsfond.....	12
<b>Kapittel 6</b>	<b>Inntekter og gebyr</b> .....	12
§ 6-1	Kommunale betalingstenester / gebyr.....	12
§ 6-2	Prising av ikkje-lovpålagde tenester .....	13
<b>Kapittel 7</b>	<b>Avskrivning av uteståandekrav</b> .....	13
<b>Kapittel 8</b>	<b>Internkontroll</b> .....	13
§ 8-1	Internkontroll, kommunedirektøren sitt overordna ansvar.....	13
§ 8-2	Internkontroll, rapportering.....	14
§ 8-3	Internkontroll, leiar i UEKF sitt overordna ansvar.....	14

<b>Kapittel 9</b>	<b>Eigarskapsstyring – jf. kl § 26.....</b>	<b>14</b>
<b>Kapittel 10</b>	<b>Etikk og antikorrupsjon .....</b>	<b>14</b>
§ 10-1	Førebygging av korrupsjon og økonomiske mislighald .....	14
§ 10-2	Samfunnsansvar og berekraft .....	15
<b>Kapittel 11</b>	<b>Ikraftsetjing .....</b>	<b>15</b>

# Kapittel 1

# Reglementet sitt virkeområde

## § 1-1 Formålet med reglementet

Reglementet skal ivareta kommunelova sine grunnleggande krav til økonomiforvaltninga og sørge for at kommunen forvaltar økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid.

Ulstein kommune skal utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi, og for lokalsamfunnet si utvikling, jf. kommunelova (heretter kl.) §14-1 andre ledd.

Reglementet dekker kommunen si totale økonomiforvaltning, og gjeld til kommunestyret vedtek nytt reglement. Reglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Reglementet er utarbeidd med grunnlag i kl § 14-2 bokstav d.

Reglementet omfattar Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF (UEKF). UEKF lager økonomiplan og budsjett i egne dokument. Kommunestyret skal vedta eit eige økonomireglement for UEKF som supplement til dette reglementet. Reglementet for UEKF kan ikkje ha vidare handlingsrom en dette reglementet.

## § 1-2 Generelle rammer for kommunen si økonomiforvaltning

Ulstein kommune skal forvalte sin økonomi på ein forsvarleg og effektiv måte og skal legge til rette for ei best mogleg utnytting av kommunen sine samla ressursar. Dei folkevalde skal sikrast påliteleg og tilstrekkeleg styringsinformasjon som grunnlag for sine avgjersler.

Ulstein kommune har nulltoleranse for korrupsjon og økonomiske misleghald. Innbyggjarane skal vere trygg på at kommunen i varetek fellesskapet sitt beste, basert på demokratiske prosessar, rettferdig utøving av lokal myndigheit og påliteleg forvaltning av kommunen sine ressursar.

## § 1-3 Kommunestyret sitt overordna ansvar for økonomiforvaltning

Kommunestyret skal som øvste mynde i kommunen syte for å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal og utarbeide realistiske planar for eiga verksemd, økonomi og lokalsamfunn. jf. kl § 14-1.

## § 1-4 Overordna prinsipp

- ✓ Ulstein kommune skal ha ein robust og berekraftig økonomiforvaltning
- ✓ Økonomiforvaltning skal ha eit langsiktig perspektiv, som grunnlag for stabilitet og føreseielegheit når det gjeld kommunen sitt økonomiske handlingsrom
- ✓ God økonomistyring skal sikre kvaliteten i tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar
- ✓ Grundige analyser skal gi grunnlag for rett prioritering og sikre kostnadseffektiv tenesteproduksjon
- ✓ Etablerte kontrollrutinar skal redusere risikoen for avvik frå fastsette mål og rammer
- ✓ Gjennomgåande internkontroll skal sikre etterleving av lover og forskrifter

- ✓ Openheit og refleksjon skal vere med på å skape etisk forsvarlege haldningar og handlingar

## Kapittel 2 Budsjett og budsjettemynde

### § 2-1 Økonomiplan – rammer, mål og strategiar

Overordna kommuneplanar og økonomiplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Økonomiplanen skal vere grunnlaget for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver, og konkrete tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Økonomiplanen har eit 4-årig perspektiv som vert rullert årleg med vedtak før årsskifte.

Det første året i økonomiplanen er eit bindande årsbudsjett basert på rammebudsjetteringsprinsippet og er knytt til fastsetting av dei samla økonomiske rammer for kommunen i budsjettåret.

Økonomiplanen utgjer kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Økonomiplan og årsbudsjett skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendig og oversiktleg. All bruk av midlar i årsbudsjettet skal ha dekning i året sitt tilgang på midlar.

Utviklinga i kommunen sin økonomi, utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige plikter skal gå fram i økonomiplanen.

Det skal vedtakast konkrete finansielle måltall for:

- ✓ Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter
- ✓ Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter
- ✓ Utvikling i gjeld / nivå på gjeld og krav til eigenfinansiering

Økonomiplanane er styrande for sektorane og for UEKF når den er vedteken av kommunestyret.

### § 2-2 Kommunestyret sitt budsjettemynde

Kommunestyret vedtek økonomiplan og årsbudsjett, som skal utarbeidast i samsvar med kommuneloven §14-4 med tilhøyrande forskrifter.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel.

Kommunestyret fordelar løyvingane i årsbudsjettet sin driftsdel på følgjande budsjettområder:

- ✓ Folkevalde og sentraladministrasjon
- ✓ Teknisk

- ✓ Helse og omsorg
- ✓ Oppvekst og kultur
- ✓ Finansielle transaksjonar

Kommunestyret sine vedtekne rammeløyvingar for kvart budsjettområde er ei bruttoløyving, det vil sei ei løyving på ei utgiftsramme og ei løyving på ei inntektsramme.

Kommunestyret sine bindande løyvingar av rammer til kvar sektor i årsbudsjettet kan berre endrast av kommunestyret sjølv, med dei unntak som kommunestyret sjølv har vedteke.

Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet fordelt på kvart område, basert på ei samla oversikt over budsjettert kostnadsramme for alle prosjekt.

Investeringsprosjekt vert budsjettert inkludert meirverdiavgift.

Kommunestyret sitt vedtekne investeringsbudsjett er å sjå på som ei bruttoløyving, det vil sei ei løyving for brutto kostnad for investeringsåret.

Alle midlar i investeringsbudsjettet er å sjå på som frie midlar som vert nytta til felles finansiering av alle investeringar. Eventuelle tilskot reservert til særskilte formål i høve til lov, forskrift eller avtale er å sjå på som delfinansiering av det prosjektet tilskotet gjeld.

### § 2-3 Formannskapet og hovudutvala sitt budsjettmynde

Formannskapet får mynde til å fordele rammene for folkevalte og sentraladministrasjon til tenesteområder. Hovudutvala får mynde til å fordele rammer til tenesteområder for dei områda som høyrer til utvala

Formannskapet og hovudutvala får mynde til å gjere endingar i investeringsbudsjettet innanfor eit tenesteområde når slike endingar gjeld auke i løyvingar til eit prosjekt og dekning skjer ved at løyvingar til eit anna prosjekt, innafor same tenesteområde, vert redusert tilsvarande.

Hovudutvala til kvar sektor kan gjere endringar innanfor sin sektor. Formannskapet kan på same måte gjere endringar innanfor området folkevald og sentraladministrasjon.

Hovudutvala og formannskapet sine endringar må vere innanfor kommunestyret sine bindande rammeløyvingar for sektorane, likevel slik at hovudutvala og formannskapet kan disponerer meirinntekter i budsjettåret opp til kr 500 000 på kvart budsjettområde.

Hovudutval og formannskapet kan i tillegg disponer midlar der inntekta er meint til eit bestemt formål og kommunestyret ikkje har løyvd midlar til formålet i budsjettvedtaket.

Er det løyvd kommunale midlar til formålet, og det i tillegg kjem ei ekstern løyving, vurderer formannskapet om løyvinga skal kome i tillegg til den kommunale løyvinga eller erstatte denne. Formannskapet sitt mynde gjeld for heile budsjettet.

Formannskapet har mynde til å disponerer midlar avsett til tilleggsløyving. Løyvinga kan nyttast innafor alle områder.

## § 2-4 Kommunedirektøren sitt budsjettmynde.

Kommunedirektøren får delegert mynde til å fordele brutto rammer på avdelinga, ansvar, funksjonar og kontonivå innafor kvart tenesteområde.

Kommunedirektøren har løyve til å gjere budsjett-tekniske endringar i driftsbudsjettet, samt endringar som ikkje er av prinsipiell verdi. Døme på dette kan vere refusjon sjukelønn, meirverdiavgift (kostnad/inntekt), fordeling pensjonskostnadar/inntekt, fordeling avsett lønnsvekst, avskrivningar og liknande. I tillegg omfattar dette refusjonar / tilskot der det er direkte samanheng mellom kostanden og inntekta som kjem inn.

## § 2-5 Endringar i vedtatt driftsbudsjett – budsjettjusteringar

Budsjettendringar skal så langt råd skje i samband med tertialrapportering til kommunestyret.

Dersom det i løpet av året skjer endringar i føresetnadane for budsjettet, skal kommunedirektøren så langt som råd, og utan at det er i strid med kommunestyret sine mål og resultatkrav, finne dekning innanfor same sektorområde. Er dei endra føresetnadane av ein slik karakter at kommunedirektøren ikkje kan finne slik dekning, må forslag om inndekning leggjast fram for ansvarleg utval, og deretter kommunestyret.

Om nye tiltak vert lagt fram for kommunestyret utan den ordinære budsjetthandsaminga, skal tiltaket vere forsvarleg greia ut med oversikt over økonomiske konsekvensar og forlag til budsjettdekning. Det skal også gjerast greie for eventuelle økonomiske konsekvensar utover inneverande budsjettår.

Kommunestyret skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle krav om realisme og balanse. Årsbudsjettet kan ikkje endrast etter årsslutt.

## § 2-6 Endringar i vedteke investeringsbudsjett og pågåande prosjekt

For investering gjeld «Retningslinjer for investeringsprosjekt» vedtatt i K-sak 115/19, dokument nr 19/18202.

Investeringsbudsjettet gjeld for eitt år. Dersom ei investering går over fleire år i økonomiplanen kan ein legge til grunn den samla investeringsramma i arbeid med prosjektet.

Endringar i investeringsbudsjettet og årsavslutning av investeringsrekneskapen skal følgje regjeringa sine retningslinjer i rettleiaren «[budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen](#)».

Dersom det i budsjettåret skjer endringar som endrar dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal kommunestyret gjere nødvendige endringar i budsjettet.

Ved overgang frå eit budsjettår til neste, vert arbeidd med allereie igangsette prosjekt vidareført med løyving i investeringsbudsjettet, i påvente av ny løyving. Slike

vidareføringar er avgrensa kostnadmessig til det beløp som står att som unytta for gjeldande prosjekt pr. 31.12. dersom det vert vesentlege avvik skal kommunedirektøren legge fram sak om justering av kostnadsfordeling mellom investeringsåra.

## § 2-7 Disponeringsmynde og tilvisingsmynde

Med disponeringsmynde har ein mynde til å disponere dei løyvingar som er ført opp i kommunen sitt årsbudsjett. Med tilvisingsmynde har ein mynde til å tilvise eit beløp til utbetaling, det vil sei å gå god for at ei løyving som belastar kommunen sitt budsjett er innanfor disponibel ramme.

Kommunedirektøren har fullmakt i delegeringsreglementet til å disponere og delegere vedtekne rammeløyvingar for kvar sektor i driftsbudsjettet. Dette gjeld så lenge kommunestyret ikkje har vedteke noko anna.

Kommunedirektøren har ut frå delegeringsreglementet tilvisingsmynde for alle formål og alle sektorar, med unntak av formannskapet sin disposisjonskonto. Myndet kan delegerast vidare.

## Kapittel 3 Økonomirapportering

### § 3-1 Månedrapportering og tertialrapportering

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekt og utgift, samanlikna mot vedteke årsbudsjett. Om utviklinga viser vesentlege avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årsbudsjettet, jf. Kommunelova § 14-5 tredje ledd.

Månad / Ansvarleg	Budsjettkontroll						Teneste-rapportering
	Einingsleiar / stabsleiar	Kommunal-sjefar	Kommunedirekør	Formannskap	Hovudutval	Kommuestyre	
Januar							
Februar	x	x	x	x			
Mars	x	x	x				
April	x	x	x	x	x	x	x
Mai	x	x	x				
Juni							
Juli							
August	x	x	x	x	x	x	x
September	x	x	x				
Oktober	x	x	x	x			
November	x	x	x				
Desember (årsmelding)	x	x	x	x	x	x	x

Rapport skal leggest fram etter kvart tertial, 1. og 2. tertialrapport, det vil sei etter at april og august månad. Tertialrapporten skal gi ei samla oversikt over den økonomiske statusen, inkludert ei prognose for budsjettåret. Rapporten skal innehalde oppstillingar som viser



vedtatt budsjett og justert budsjett, samt rekneskapet hittil i året. Det skal rapporterast både på driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet. Det skal være med ein enkel tenesterapport frå sektorane med oversikt over sjukefråvær og rapportar om avvik frå Risk manager.

I dei tilfelle der det er vesentleg avvik, skal det leggest fram forslag om korrigerande tiltak. Tiltaka skal skildrast med eventuelle konsekvensar dette vil ha for tenestilbodet til innbyggjarane, ev verknader for tilsette og økonomiske konsekvensar for kommunen.

### § 3-2 Fagsystem for rekneskap, budsjett og økonomistyring

Kommunedirektøren sitt ansvar for rapportering inneber at administrasjonen skal ha kontroll på:

- ✓ Eksisterande og moglege budsjettoverskridingar, og årsak til desse
- ✓ Meirinntekter og mindreforbruk som vil innebere ei innsparing i høve budsjett
- ✓ Andre høve som er å sjå på som avvik frå føresetnadane i budsjettet

Kommunen sine fagsystem for rekneskap, budsjett og økonomistyring skal ha hensiktsmessig funksjonalitet. Det må vere tilrettelagt for at sektorar/avdelingar, økonomiavdeling og administrativ leining til ei kvar tid kan følgje utviklinga i rekneskapen mot budsjettet, slik at eventuelle avvik vert oppdaga så tidleg som mogleg og korrigerande tiltak kan i verksetjast så raskt som mogleg.

Administrasjonen skal til ei kvar tid halde oversikt over og ha dokumentasjon over korleis for system genererer økonomiske transaksjonar som påverkar økonomisk rapportering.

### § 3-3 Nasjonal rapportering – KOSTRA

Kommunen sitt rekneskap skal rapporterast til SSB kvart kvartal.

Årsrekneskapen skal rapporterast så snart rekneskapen er avlagt og innan sett tidsfrist frå sentralt hald.

## Kapittel 4      Årsrekneskap og årsmelding

### § 4-1 Årsrekneskap og bokføring

Kommunen skal utarbeide følgjande årsrekneskap, jf. Kommunelova § 14-6:

- a) Rekneskap for kommunekassa
- b) Rekneskap for kvart kommunalt føretak
- c) Rekneskap for anna verksemd som er ein del av kommunen som rettssubjekt, og som skal ha eige rekneskap etter lov og forskrift
- d) Samla rekneskap for kommunen som juridisk eining

Årsrekneskapen skal utarbeidast i samsvar med forskrift for økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar mv, vedtatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 07.06.2019, med seinare endringar.

Årsrekneskapen skal innehalde eit driftsrekneskap og eit investeringsrekneskap. Driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal delast inn og setjast opp på same måte som årsbudsjettet. Det er rekneskapsreglane som avgjer om ei inntekt eller ei utgift skal førast i drifts- eller investeringsrekneskapen.

Årsrekneskapen skal og innehalde eit balanserekneskap med tilhøyrande notar.

Om årsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot), skal kommunedirektøren gjennomføre strykingar i eit så stort omfang som nødvendig. Er det framleis eit meirforbruk, også etter strykingar er gjennomført, skal meirforbruket dekkast av disposisjonsfondet gjennom direkte overføring, før kommunestyret handsamar årsrekneskapen. Rekneskapen skal ikkje avleggsast før alle strykingmoglegheiter i høve lov og forskrift er gjennomført, slik at rekneskapsmessig meirforbruk vert så lågt som mogleg.

Om årsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) skal eventuelt udekka meirforbruk frå tidlegare år dekkast inn, før årsrekneskapen vert lagt fram for kommunestyret.

Årsrekneskapen skal førast i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Årsrekneskapen skal leggest fram seinast 22. februar.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte.

## § 4-2 Årsmelding

Kommunen skal utarbeide årsmelding for kommunen si samla verksemd. Det skal også utarbeidast ei eiga årsmelding for kvart kommunalt føretak, jf. Kommuneleva § 14-7.

Årsmeldinga skal gjere greie for:

- a) Forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga i varetek den økonomiske handleevna over tid
- b) Vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingar
- c) Kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane
- d) Tiltak som er i verksett, og tiltak som er planlagt i verksett for å sikre ein høg etisk standard
- e) Den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling
- f) Likestillingstiltak som er i verksett, og tiltak som er planlagt i verksett for å fremje likestillings- og diskrimineringslova sitt formål om likestilling av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

g) rapport om internkontroll og resultat frå statlege tilsyn, jf. kl kap. 25.

Årsmeldinga skal vere klar seinast 31. mars.

Kontrollutvalet skal uttale seg før kommunestyret handsamar årsmeldinga.

## **Kapittel 5      Avsetjing og bruk av fond**

### **§ 5-1 Disposisjonsfond**

Kommune kan setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år i samsvar med vedtekne måltal, jf. § 2-1 ovanfor. Det kan berre setjast av til disposisjonsfond i driftsrekneskapen. Disposisjonsfond vert disponert fritt av kommunestyret så lenge ikkje strykingsreglane, eller andre reglar om tidlegare års meirforbruk vert gjeldande.

Netto avsetjingar til og bruk av disposisjonsfond skal gå fram av driftsbudsjettet i samsvar med reglane i kommunelova § 5-4 *Bevilgningsoversikt - drift*.

Om året sitt driftsrekneskap viser eit meirforbruk, også etter strykingar er gjennomført, skal meirforbruket dekkast av disposisjonsfondet gjennom direkte overføring, før kommunestyret handsamar årsrekneskapen.

Bruk av disposisjonsfond til dekking av investeringar skal førast over driftsrekneskapen som bruk av fond og deretter som overføring frå drift til investering.

Kommunestyret sine avsetjingar til disposisjonsfond med sikte på bruk til visse formål er ikkje å sjå på som øyremerka midlar.

Formannskapet får mynde til gjere avsetningar av ledige driftsmidlar frå eit område til disposisjonsfond. Mynde gjeld alle områder. Det er ein føresetnad for slike avsetningar at kommune går med overskot.

Formannskapet får mynde til å disponere avsetningar frå disposisjonsfond når avsetninga er gjort på tilsvarende tenesteområde. Disponering av midlar kan ikkje nyttast til å auke driftsnivået på rammeområde ut over det der er avsett midlar til.

Avsette midlar som ikkje er brukt innan to budsjettår etter at dei er avsett skal førast over til driftsfondet

### **§ 5-2 Bundne driftsfond / Øyremerka midlar**

Øyremerka midlar kjem til kommunen frå eksterne kjelde i form av tilskot, gåver og liknande og kan ikkje disponerast fritt. Unytta midlar ved årsskifte kan setjast av til bundne driftsfond. Unytta midlar frå sjølvkostområda vert også sett av til bundne fond.

Kommunedirektøren har fullmakt til å setje av og bruke av bundne driftsfond, i tråd med formål og vilkår definert av ekstern kjelde, medrekna statlege øyremerka tilskot til tiltak. Netto avsetjing til og bruk av bundne fond skal gå fram av driftsbudsjettet.

### § 5-3 Ubundne investeringsfond

Kommunen kan setje av frie inntekter i investeringsrekneskapen til ubundne investeringsfond. Det er kommunestyret sjølv som vedtek avsetjingar til og bruk av ubundne investeringsfond. Avsetjing til ubundne investeringsfond skal rekneskapsførast i samsvar med budsjettert avsetjing.

Det følgjer av formuebevaringsprinsippet at ubundne investeringsfond berre skal nyttast til investeringar. Frie midlar i driftsrekneskapen skal ikkje bindast til framtidige investeringsformål gjennom avsetjingar til ubundne investeringsfond.

## Kapittel 6      Inntekter og gebyr

### § 6-1 Kommunale betalingstenester / gebyr

Kommunal betalingsteneste er gebyr/pris/avgift/eigendel og liknande som vert kravd for ei lovpålagd kommunal serviceteneste. For fleire lovpålagde tenester er det heimla i særlov at kommunestyret sjølv må vedta gebyrregulativet.

Fleire kommunale betalingstenester har sjølvkost som øvre grense for kva som lovleg kan krevjast i gebyr. Andre kommunale betalingstenester er regulert av staten i form av vedtekne maksimal- eller minimumssatsar, elle som påbodne stasar.

Lovregulerte betalingstenester som er innført eller kan innførast, og som kommunestyret sjølv fastset gebyr for:

- ✓ Avfallsgebyr (lov om vern mot forureining og avfall), lovmessig krav om sjølvkost
- ✓ Feiegebyr og avgift for tilsyn med fyringsanlegg (brann- og eksplosjonsvernlova) kan maksimalt dekke sjølvkost, men full kostnadsdekking er ikkje pålagt
- ✓ Årsavgift for vatn og kloakk (lov om kommunal vass- og kloakkavgifter) kan maksimalt dekke sjølvkost, men full kostnadsdekking er ikkje pålagt
- ✓ Handsamingsgebyr (plan- og bygningslova) kan maksimalt dekke sjølvkost, men full kostnadsdekking er ikkje pålagt
- ✓ Avgift ved kart- og delingsforretning (matrikkellova) kan maksimalt dekke sjølvkost, men full kostnadsdekking er ikkje pålagt
- ✓ Seksjoneringsgebyr (seksjoneringslova) kan bereknast med sjølvkost, men ikkje pålagt
- ✓ Foreldrebetaling for opphald i barnehage (barnehagelova)
- ✓ Foreldrebetaling for skulefritidsordning (opplæringslova)
- ✓ Elevavgift ved kulturskulen (opplæringslova)
- ✓ Purregebyr og straffegebyr for utlån av bøker (folkebiblioteklova)
- ✓ Anløpsavgift for fartøy som anløper hamn i kommunen (hamnelova)
- ✓ Parkeringsgebyr og tilleggsavgift (vegtrafikklova)
- ✓ Handsaming- og forringelsesgebyr for graving på kommunal veg (veglova)
- ✓ Fellingsavgift med meir (viltlova)
- ✓ Eigenandel for behovsprøvde tenester (helse og omsorgslova)
- ✓ Bevilgingsgebyr kommunal sals- og skjenkebevilgning (alkohollova)

Endring i nivået på kommunale betalingstenester skal vurderast i samband med den årlege handsaminga av årsbudsjettet, og inngå i oversikt over generelle driftsinntekter i driftsbudsjettet.

Kommunedirektøren har fullmakt til å treffe enkeltvedtak i gebyrsaker der det på skjønnsmessig grunnlag kan krevjast lågare gebyr i enkeltsaker. Forvaltningslova sine reglar om klage gjeld i slike saker.

## § 6-2 Prising av ikkje-lovpålagde tenester

Kommunestyret skal sjølv vedta prinsipp for prisfastsetjing av ikkje-lovpålagde tenester når kommunen fordelar tenesta til brukarar, og/eller tenesta er heilt eller delvis subsidiert med kommunale midlar.

## Kapittel 7 Avskrivning av uteståande krav

Kommunedirektøren har fullmakt til å utgiftsføre enkeltkrav på inntil kr 50 000 når ein vurderer kravet som umogleg å få inn eller at ei vidare oppfylging av saka vil føre til direkte utgift for kommunen.

## Kapittel 8 Internkontroll

### § 8-1 Internkontroll, kommunedirektøren sitt overordna ansvar

Kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrift vert følgt. Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for internkontroll med heile kommunen, jf. Kommuneloven § 25-1. Kommunedirektøren sin overordna internkontroll skal vere gjennomgripande, og gå på tvers av alle tenesteområder.

Vedtekne reglement og retningsliner skal inngå i kommunedirektørens overordna internkontroll.

Kommunedirektøren kan gjennomføre kontrollaktivitetar på utvalte område ut i frå risiko og analyser eller ved særskilte hendingar.

Internkontroll er eit viktig element ved leiing og styring, og skal sikre:

- ✓ Målretta og effektiv drift
- ✓ Påliteleg styringsinformasjon
- ✓ Forsvarleg formueforvaltning
- ✓ Etterleving av lover og forskrift
- ✓ Innbyggjarane sine rettar og likebehandling
- ✓ Kontinuerleg forbetring
- ✓ Førebygging, oppdaging og handtering av avvik
- ✓ Førebygging, oppdaging og handtering av korrupsjon og misleghald

Internkontrollen skal vere risikobasert og målretta. Det skal gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyser på avdelingsnivå både knytt til tenesteproduksjon og gjennomgripande tema som gjeld alle delar av organisasjonen. ROS-analyser og tiltak skal dokumentarast.

Sektorleiar er gjennom kommunedirektøren si delegering ansvarleg for internkontroll for eigen sektor. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa sektoren sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve.

Ansvaret for internkontroll skal nedfellast skriftleg i delegeringsfullmakter.

## **§ 8-2 Internkontroll, rapportering**

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst ein gong i året, jf. kl § 25-2.

## **§ 8-3 Internkontroll, leiar i UEKF sitt overordna ansvar**

Dagleg leiar i UEKF er ansvarleg for internkontrollen i selskapet jf. kl § 9-13. Dagleg leiar skal rapportere til styret i føretaket om internkontroll og resultat av staleg tilsyn minst ein gong i året jf. kl §9-14.

## **Kapittel 9 Eigarskapsstyring – jf. kl § 26**

Kommunedirektøren skal i løpet av valperioden leggje fram eigarskapsmelding til kommunestyret.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde

- a) kommunen sine prinsipp for eigarskapstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemder som kommunen eller fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) kommunen sin eller fylkeskommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemder nemnt i bokstav b

## **Kapittel 10 Etikk og antikorrupsjon**

### **§ 10-1 Førebygging av korrupsjon og økonomiske misleghald**

Haldningar og handlingar som inneber maktmisbruk, venetenester, misleghald, kameraderi eller korrupsjon, er øydeleggjande for kommunen sitt omdømme og innbyggjarane si tillit. Ulstein kommune har nulltolleranse for korrupsjon og økonomiske misleghald.

Førebyggjande arbeid mot korrupsjon og misleghald involverer både folkevalte, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde.

Arbeidet med å sikre høg etisk standard krev kontinuerleg merksemd. Førebyggjande arbeid mot korrupsjons- og misleghald må skje på tvers av og innan sektorar og fagområder.

Rutinar innretta mot å:

- ✓ Førebygge korrupsjon og misleghald
- ✓ Oppdage korrupsjon og misleghald
- ✓ Handtere (reagere og sanksjonere) ved tilfelle av korrupsjon og misleghald

skal følgjast i samband med innkjøpsprosessar, økonomiske transaksjonar, sakshandsaming og avgjerdsprosessar.

Lov om offentleg anskaffelse med tilhøyrande forskrift skal følgjast for alle innkjøp.

Forvaltningslova sine habilitetsreglar og kommunen sine etiske retningslinjer skal følgjast.

## § 10-2 Samfunnsansvar og berekraft

Velfungerande, ansvarlege og opne prosessar på alle område i kommunen, og opne, inkluderande, medbestemmande og representative beslutningsprosessar sikrar bærekraft og reduserer korrupsjon, jf. FNS bærekraftsmål nr. 16.

## Kapittel 11 Ikraftsetjing

Økonomireglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

Reglementet kan endrast av kommunestyret sjølv.

